

Eg har laga ein liten tale til mammo, så får vi sjå om eg kjem i havn...

Først vil eg takka alle som har komt her i dag. Beklaglegvis får vi verken klemma elle handhelsa på dåke etter at kista er senka ned. Vi syns det er veldig leit, men vi må nok berre gå kvar til vårt etterpå. Men de skal veta at vi set pris på at de kom alle saman. Vi har med oss roser slik at dei som ynskjer kan komma fram og leggja på kista når den er senka ned i grava. Då trekker vi nærmaste oss litt tilbake.

Så skal eg prøva å sei noko om korleis mammo har vore i våre liv.

Eg og Randi er jo ganske tett, så vi har alltid vore mykje ilag. Borge var ein fantastisk plass å veksa opp på den tida. Det var mange ungar på same alder. Vi var mykje ute, klatra i tre, vassa i elvane, gjekk på «nistetur», og eg kan ikkje huska at mammo var veldig bekymra for oss. Eg minnest ei trygg og god tid, mammo var heima i mange år, det var faste måltid i heimen. Ho var veldig flink å laga mat, og hadde kontroll både inne og ute i hagen. Ho var liksom alltid der.

Ho hadde god kontakt med naboane, Dagrunn og Klaus, Olga og Terje, og Aslaug og Olav Gunnar. Det vart nok nokre kaffikoppar saman med dei. Ho var ikkje så engasjert i aktivitetar, likte seg best heima. Men ho var jo eigentleg veldig flink til mykje anna enn det å laga mat og stella i hagen, så ho burde kanskje gjort litt meir utav det. Det er vel kanskje vi som burde latt ho få tid til det...

Ho kjøpte eit elektrisk orgel som mange har spelt på eller «leika» seg med. Det vart ikkje muskarar av nokon av oss. Men mammo var glad i musikk. Radioen stod alltid på heima. Ho hadde fått montert høgtalar i veggen på kjøkkenet frå radioen i stova. Ho kjøpte mange kassettar, så på bilturane var det mykje musikk, det gjekk helst i Abba, Elvis, Gluntan og Sven Ingvars. Før det var det jo vi ungane som song i baksetet....(kanskje det var derfor kassettspelaren kom...)

Dessuten var ho veldig flink til å tegna og mala, og ho hadde ei nydeleg håndskrift. Ho malte flotte bilder av både Bergstø, Hjøllo og «Huldrehaug», pappen laga rammer og dei heng litt rundt omkring. Dette kunne ho gjort veldig

mykje meir utav. Det er vel Randi, eller kanskje Lise som har arva mest av desse kunstnarferdigheitane.

Eg var nok ein sta liten trassunge trur eg, i alle fall i forhold til Randi som faktisk var ein engel. Ho gjekk og fann pysjen sin når tidsignalet var på radioen klokka 1830. Kanskje det var på grunn av ho at dei torde å få ein til etter nokre år.....

Men Stig var nok endå litt meir «røvar» enn meg og... Trur kanskje mammo fekk nokre grå hår ganske tidleg av han. Eg kan hugsa ein gong vi var ute og skrei på akebrett i veien. Då låg han plutseleg heilt livlaus midt i bakken. Det vart jo litt oppstandelse, men plutseleg åpna han berre augene og lo av oss.

Han var ein del hos naboen, Aslaug, når mammo begynte på jobb, og eg har skjønt at det skjedde litt av kvart der og, han hadde mange rare påfunn og påstandar.

Han og Terje i Bergstø gjekk for Knoll og Tott når dei var små. Dei gjorde ikkje så mykje gale, men dei fann på mykje rart. Det var ein søndag vi skulle heim etter å ha vore på Naustet. Då hadde dei gøymt seg. Eg hugsar ikkje no kvar dei vart funne og kva dei hadde gjort, men eg hugsar at både mammo, pappen, tante Reidun og onkel Steinar leitte ganske lenge etter dei. Onkel Steinar og tante Reidun kunne sikkert ha sagt mykje om fantaskap som dei to fann på.

Eg veit ein gong eg skulle lura mammo 1.april. Då for eg full fart opp på soverommet og sa at ho måtte komma ned for katten hadde pissa i sofaen. Ho heiv på seg morgenkåpo og kom ned. Det er ikkje så ofta ho har vore sint, men når ho skjønnte at eg berre tulla vart ho ganske sint. Eg gjorde ikkje det fleire gonger..... Ho var vel ikkje så fornøgd med meg når eg kappsprang med Randi ned til Naustet og skubba ho slik at ho havna opp i masse brennenesle heller...

Den eine gongen eg kan hugsa at Randi gjorde noko gale var når ho og ei nabo jente, kollysykla i svingen nede hos Olaven. Randi sat bakpå og det var ikkje lov... Randi gøymte seg på badet, med eit svært sår på kneet. Ho torde ikkje henta mammo og fortelja kva som var skjedd.

Mammo og pappen tok oss mykje med på tur, til Bergstø, på camping, på fjellturar og bærplukking. Og oftast var nokon med, enten mine eller Randi sine veninner. Eg kan ikkje huska at dei sa nei, men berre at det vart ein om gongen, så vi måtte bli einige. Eg skjønner jo no at det var rikeleg med fira ungar i baksetet på bilen...

Og at dei sleppte oss inn på Naustet, åleina, frå vi var 12-13 år. Med propan, levande lys og uten vatn....eg har ikkje tort dette med mine... Og eg kan vel sei sikkert at det ikkje er alt som står i hytteboka av det som skjedde heller.....

Det var jo ikkje berre når vi var små at mammo og pappen var «til stades» for oss ungane. Vi har fått mykje hjelp både til husbygging, flytting og barnepass opp gjennom årene. Pappen kom stadig innover til Øystese når eg og Kjell Henning bygde hus, pappen med bilen full av verktøy og diverse duppedittar som han hadde sett at han kanskje kunne bruka. Det var ikkje den ting pappen ikkje kunne få tak i eller fiksa på eit vis. Så var mammo oftast med. Og *tilfeldigvis* hadde ho kokt ein knoke slik at ho kunne no nett laga litt lapskaus. Kanskje hadde ho ei bøtte med oppdelte pote og andre ting og. Så om ho ikkje akkurat var med og snikra eller malte, så passa ho på at vi fekk mat i oss.

Ungane mine har alltid likt og kome ut til Borge eller på Naustet når besto og besten var der. Dei sat ikkje akkurat i ro heile tida dei heller, så det spørts om vi «brukte» dei litt opp før Randi og Stig sine kom til verden... Men dei tok imot dei, (kanskje pappen sa ja før mammo fekk summa seg.....) men eg trur kanskje det var mammo som helst tok ansvar for mat og bleieskift og så tok pappen dei med seg for å aktivisera dei, ute eller inne. Mathias var jo veldig mykje hos dei då eg gjekk på sjukepleien.

Ho har aldri vore så veldig sosial, om det var jul, bursdagar eller barnedåp, så likte ho nok best å ha ansvar for maten. Då kunne ho vera litt i bakgrunnen, alikavel vera med, og gjera ein viktig jobb. Og kanskje ho merka at helsa vart svakare for mange år sidan slik at ho ikkje orka så mykje lenger, men ho klaga ikkje, berre vart meir heima.

Ho syns det var kjekt at vi kunne læra noko av ho. Eg må jo berre læra meg at eg ikkje kan ringa og spørja ho om råd lenger... Men Stig har kasta seg ut i det meste. Han lagar både potekaker, rullepølsa og kokar smalahove. Så eg trur eg og Randi må på kurs hos han. Og så var ho veldig fornøgd med at Mathias er så glad i rabarbrasyltetøyet som ho laga. Så besten var seinast i går og sjekka lageret ute i boden om det var noko igjen. Det er det! Men han lurte litt på om det vart Ine eller Karina som tok over den jobben. Han skulle i alle fall opp på Borge og få tak i rabarbra.

Men etterkvart vart det vanskeligare å få ho med på ting, oftast kom pappen åleina. Det er nok ikkje berre berre når ein ikkje klarar å pusta skikkelig. I

konfirmasjonen til Trym og Sindre klarte ho ikkje å vera med. Men slik er det når helsa skrantar.

Men vi hadde ein veldig kjekk tur til Radøy i 2014 då vi feira litt bursdagar og gullbryllup for mammo og pappen. Då var alle med, både små og store. Kjekt minne å ha med seg. Mammo var i fin form den gongen.

Ein ting har vi i alle fall funne ut desse dagane vi har sete og mimra ilag, eg, Randi, Stig og pappen; Mammo har aldri vore noko «linselus». Vi skulle leita etter eit fint bilde av mammo som vi skulle ha på sangheftet. Men enten var ho ilag med mange andre, ellers såg ho til sides eller ned. Det er jo eit flott bilde vi har brukt då, men det er ikkje av nyaste dato.

Så kom det ei spesiell tid no, med strengt smitteregime. Det vart jo litt rart til slutt for mammo og pappen og, å vera «innesperra» så lenge kun dei to. Sjølv om eg fekk nyss om at Randi var på besøk uten at eg skulle veta det.....Men faktisk så virka det som mammo hadde godt av det og trivast med det. Ho sa sjølv at ho hadde aldri vore friskare enn no. Ikkje var det nokon som maste om at ho måtte vera med her og der, Randi handla til dei og ingen fekk komma innom dørane. Dei vart i alle fall ikkje smitta av noko. Ho fekk styra dagane akkurat slik ho ville.

Men så kom den søndagen med frykteleg mageverk. Pappen fekk hjelp av heimesjukepleien til å bestilla ambulanse og ho vart operert om natta. Det vart nok dette som til slutt gjorde at kreftene tok slutt. Det var for mange ting som svikta etter dette. Ho hadde ikkje krefter/pust til å snakka, svara berre med nokre enkle ord. Ho sa at ho ikkje var redd og at medisinen ho fekk hjelpte. Eg spurde om ho var bekymra for pappen, «ja, han er ikkje så flink å laga mat» sa ho. Men eg har lovd ho at det skal vi hjelpe han med. Vi hadde kontakt med ho heilt til kvelden før ho døde, og vi var glad for at ho slapp å ligga lenge før ho fekk sovna inn. Vi var der pappen og alle oss tre.

«Takk for alt det du gav, takk for alt det du var»

Margunn & Harry

Randi & Haakon

Stig & Silje

Tale fra Karina:

Kjære Dagny besto.

Me fekk ikkje sagt skikkelig «hade» til deg, noko me veldig gjerne skulle ha gjort.

Du har hatt det tøft og kjempa deg gjennom mange kampar. Denne kampen vart den siste og me unner det kvile no.

Me ser tilbake på alle dei gode minna me har fått med deg. Minner frå Borgo, Naustet og Bergstø-fjøra, den gode maten du laga og gleden og varmen du gav oss.

Eg er takknemlig for at eg fekk muligheten til å dela deg med ungane mine, at me kan sjå tilbake på bilder og minner frå tida dei òg fekk med deg, oldebesto.

Tusen takk for alt besto, me er glad i deg og kjem til å savna deg.